

Sjøholt distriktpsikiatriske senter (DPS)

6240 Ørskog

Tlf.: 70273870

E-postadresse: psyksenter.sjoholt@helse-sunnmore.no

Sjøholt distriktpsikiatriske senter (DPS)

Til deg som er pårørende

Velkommen til å ta kontakt - velkommen til samarbeid!

Sjøholt DPS ligg fritt til på Haukås, knapt 3 km frå Sjøholt sentrum, i retning mot Stordal. Du er velkommen til å ta kontakt pr. telefon eller kome på besøk.

Besøktida er:

måndag - fredag: kl. 16.00 - 21.30

laurdag - søndag: kl. 09.00 - 21.30

Ver venleg å ta kontakt med personalet når du kjem!

Eit ope og nært samarbeid med pårørende er til beste for alle partar. Ynskjer du samtale med pasienten sin behandlar, vil vi gjerne prøve å få til avtalar for dette. I mange tilfelle vil vi elles kalle inn til samarbeidsmøte der også pårørende er med.

Vaksenpsykiatrisk avdeling i Helse Sunnmøre har i samarbeid med Landsforeningen for Pårørende innen Psykiatri (LPP) og Mental Helse etablert eit brukarkontor. Kontoret har trivelege lokale i nybygget til psykiatrisk poliklinikk på Åse og tilbyr informasjon og nokon å prate med. Telefonnummeret er: 70167311.

Opningstider:

måndag: 12.00 - 15.00 (LPP)

tysdag: 11.00 - 14.00 (Mental Helse)

torsdag: 11.00 - 14.00 (Mental Helse)

LPP og Mental Helse er interesseorganisasjonar med stor aktivitet både på landsplan og lokalt. Dei tilbyr informasjon, rådgiving og fellesskap. Internett-adresser: www.lpp.no og www.mentalhelse.no.

www.morild.org er ein nettstad for dei som har mor eller far med psykisk sjukdom.



Du er ein viktig person for pasienten - og for oss!

Ein stad å jobbe med seg sjølv, i eit aktivitetsretta miljø

Distriktpsikiatrisk senter

Sjøholt DPS er ei open eining innan Vaksenspsiatriisk avdeling i Helse Sunnmøre. Senteret har 19 sengeplassar, fordelte på to postar.

Hovud-opptaksområdet er Haram, Skodje, Ørskog, Stordal, Norddal, Stranda, Sykkylven og Ålesund, midtre bydel.

Senteret har nært samarbeid med kommunane/fastlegane. Når kommunehelsetenesta ber om spesialisert utgreiing/diagnostisering og behandling, skal Sjøholt DPS gi dette. Samarbeidet vil vidare kunne dreie seg om planlegging og samordning av tenestetilbodet etter utskriving.



Behandlingstilbodet

Miljøterapi står sentralt i tilbodet. Gjennom å delta i målretta aktivitetar i miljøet/fellesskapet skal pasienten kunne oppnå betre psykisk og sosial fungering. Sjøholt DPS har lokale og eit ytre miljø som eignar seg svært godt for slike aktivitetar.

Medikament spelar også ei viktig rolle i behandlinga.

Samtaleterapi kan gå føre seg både individuelt - med psykiater, psykolog, miljøpersonale eller i gruppe.

Behandlingstilbodet rommar elles mellom anna gymsal-aktivitet, turar, symjing, forming, kreativ uttrykksterapi, rådgiving frå fysioterapeut og kurs om helse og livsmeistring.



Di rolle - dine behov

Som nær pårørende har du ei viktig rolle som omsorgsperson og del av nettverket rundt pasienten. Du har eineståande kjennskap til korleis sjukdommen kan setje sitt preg på kvardagen. Og du veit mykje om kven pasienten elles har vore - og er. Dette er informasjon som kan bli til gode byggjesteinar i samband med diagnostisering, utforming av eit heilskapleg behandlingssopplegg og evaluering av mål og tiltak.

Opplever du sjølv behov for informasjon om diagnose og behandlingssopplegg eller ynskjer å samtale om korleis situasjonen kan handterast på best mogleg måte, står vi til disposisjon.



Rettar som pårørende

Som næraste pårørende har du rett til generell informasjon. Dersom pasienten samtykkjer, har du også rett til informasjon om pasienten sin tilstand og den behandling som blir gitt.

Kontrollkommisjonen er eit organ som skal sjå til at psykisk helsevern blir drive i samsvar med lovverket. Kommisjonen kan ta opp saker etter eige initiativ eller etter tilvising frå pasienten, næraste pårørende eller personalet. Oppslag om medlemmer i kontrollkommisjonen med telefonnummer finst på begge postane.

Meir om rettar for pårørende og pasientar finst på Helse Sunnmøre si heimeside, www.helse-sunnmore.no.

